

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 10/01938-258

21.05.2024

Ark.: 326.12 BS

Vedtak i namnesak 2021/523 - Ramusfjellet - Kvanneskredfjellet i Stranda og Stryn kommunar

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåtar for eit fjell på grensa mellom Stranda og Stryn med to ulike namn. Fjellet blir kalla *Ramusfjellet* frå Sunnmørssida og *Kvanneskredfjellet* i Stryn.

- **Ramusfjellet – Kvanneskredfjellet**

Dei to namna blir vedtekne som jamstilte, og begge vil visast på kart.

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Namnesaka starta i 2021 med ei innmelding om at *Rasmusfjellet* var feil namn på dette grensefjellet. Innsendaren meinte at rett namn var *Ramhusfjellet*. Kartverket tok kontakt med kommunane for å få informasjon om lokal uttale. Stryn kommune svara 15.11.2021 at både *Kvann(e)skredfjellet* og *Ramusfjellet* blir nytta lokalt om dette fjellet. Med denne nye opplysninga reiste Kartverket formell namnesak der begge namna vart tekne med.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsette skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 første ledd i lova. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 første ledd.

I tillegg må ein ta omsyn til normeringspraksisen i området og skriftradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ønske frå dei som har uttalerett skal òg spele inn.

Høyring

Kartverket sendte saka til høyring i kommunane Stryn og Stranda i brev datert 25.11.2021. Det kom ikkje inn svar frå Stranda kommune. Det kom ingen nye innspel frå Stryn kommune, men i brev datert 1.3.2022 viser dei til dei to innspela som var vedlagt i brevet frå 15.11.2021.

Arne P. Sunde skriv at stryningane kallar fjellet for *Kvann(e)skredfjellet*. «Planten kvann skal vekse i skredene til dette fjellet». *Ramusfjellet* er også nytta på Strynesida. «Rasmusfjellet har vi alltid sett på som ei feilskrivning». At forma skulle vere *Ramhusfjellet*, har ikkje folk tru på.

Kristian Solvang seier ikkje eksplisitt kva den lokale forma er, men skriv slik om namneformene: «At fjellet vert kalla både Rasmus- og Ramus- viser usikkerheit. Viss "Ramus-" ikkje blir forstått, blir det gjerne forandra til det forstålege "Rasmus-"».

Uttale og skriftradisjon

Kvann(e)skredfjellet

- *Kvann(e)skredfjellet* har ikkje stått på offentlege kart og er ikkje registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR).
- M. Sunde har opplyst til Kartverket at uttalen er "kvanneskre:dfjeLLe (L står for palatal l).

Namnet er nytta eit par stader i lokallitteraturen før denne namnesaka:

- Olav Jakob Tveit nyttar forma *Kvanneskredfjellet* i boka *Indre Nordfjord* (1994). Det same gjer Helga Ladehaug i *Tre kvinner ... og ein gard* (1998).
- I samband med namnesaka seier Magnar Sunde til *Fjordingen* (14.12.2021) at forma i Stryn er *Kvanneskredfjellet*.

Ra(s)musfjellet

- Rektangelmålinga frå 1871 og amtskarta har *Ramsfj.*
- I samband med gjennomgang av stadnamn på kartbladet i 1969 har namnekonulenten notert uttalen "ra:musfjeLLe (L står for palatal l).
- Noreg 1:50 000-karta frå 1972, 1972 og 1995 har skrivemåten *Ramusfjellet*.
- I 1996 blir skrivemåten endra til *Rasmusfjellet*, som vart brukt fram til denne namnesaka starta.
- Skrivemåten *Ramusfjellet* er nytta i *Sunnylven og Geiranger 1* frå 1949.
- *Avisa Sunnmøringen* 30.3.1985 nemner *Ramusfjellet* som grensefjell mot Nordfjord.

Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet har gitt si tilråding i brev datert 07.05.2024, sjå vedlegg. Dei viser til at det er registrert eit par andre namn med førsteleddet *Ramus-* i Noreg, mellom anna *Ramusfjellet* i Alver kommune og *Ramussletta* i Gran på Hadeland. Dei reknar med at skrivemåten i desse namna er i samsvar med uttalen, og tilrår skrivemåten *Ramusfjellet*.

Ut frå høyringssvara ser det ut til at både *Kvannskredfjellet* og *Kvanneskredfjellet* er nytta lokalt. Generelt er samansettinga *Kvannskred-* nytta i Nordfjord, så Språkrådet tilrår skrivemåten *Kvannskredfjellet*.

Kartverket si vurdering

Ramusfjellet

Arne Sunde skriv at *Ramusfjellet* blir oppfatta som ei feilskrivning lokalt. Det er også rett som Kristian Solvang skriv, at eit uforståeleg ledd som *Ramus* er utsett for å bli endra til det meir forstålege *Rasmus*.

Når *Ramusfjellet* er nytta i litteraturen før forma kom på kart, er det ein god indikasjon på at *Ramusfjellet* er den lokale namneforma. Uttaleopplysninga frå 1969 er ei ytterlegare stadfesting.

Tolkinga er uviss. Lokalt er det opplyst at *ramus* skal vere eit gammalt ord for *kvann*. Ei slik tyding finst korkje i Norsk ordbok eller Arbo Høeg: *Planter og tradisjon*. – *Ramussletta* på Hadeland skal ha fått namn av at prestesonen Ole Ramus vart drepen her i 1714 (Ludvig Daae: *Norske Bygdesagn* 1892). Slektsnamn er ikkje

vanlege i fjellnamn, men presteslekta Ramus fostra to av Noregs første kartografar. Det blir sjølvstøtt høgst spekulativt, men ein kan jo leike med tanken at Melchior Ramus frå Aukra (eller sonen Joachim) har vore på fjella for å få oversyn.

Når tolkinga er uviss som her, blir uttalen den einaste rettesnora. All informasjon vi har fått, tilseier at uttalen er *ramus-*, ikkje *rasmus*. *Ramusfjellet* er også tilrådinga frå Språkrådet. På denne bakgrunnen vedtar Kartverket skrivemåten **Ramusfjellet**.

Kunngjering

Kommunen skal sørge for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 første ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Vi ber også kommunen om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Vi vil minne om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt første setning: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

Klage

Dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn, har også rett til å klage på vedtak etter § 12 i lov om stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort første gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søke om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtale alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonssjef

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Tilråding frå Språkrådet

Lenker: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)

Mottaker: STRANDA KOMMUNE
STRYN KOMMUNE

Kopi SPRÅKRÅDET
Elisabeth Alexandra Ziel Opsvik, STRANDA KOMMUNE
Anita Elin Myklebust, STRYN KOMMUNE



Kvanneskredfjellet vil kome på kart i tillegg til Ramusfjellet.